



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneopplegget for 2025

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneopplegget for 2025, jf. prop. 102 S - Kommuneproposisjonen. Det er hovudpunkt i brevet frå framlegga til endringar i inntektssystemet.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Tala i brevet er for primærkommunane.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2024

Dei pårekna skatteinntektene for i år er framleis om lag på same nivået som i statsbudsjettet, berre med ein liten auke. Skatteoverslaget er samla justert frå kr 220 250 mill. i statsbudsjettet til kr 220 400 mill. no i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skattevekst i prosent frå innkomen skatt i 2023 til 2024 blir med dette auka frå 4,6 prosent i statsbudsjettet til 4,7 prosent no. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

Kostnadsdeflatoren for kommunane var 4,3 prosent i statsbudsjettet, fordelt med pårekna lønsvekst 4,9 prosent og pårekna prisvekst for varer og tenester 3,4 prosent.

Den pårekna kostnadsveksten for i år er framleis 4,3 prosent, men fordelinga mellom lønsvekst og prisvekst på kjøp av varer og tenester er endra noko :

Lønsvekst	5,2 prosent (vekt 0,574)
Prisvekst kjøp av varer og tenester.	3,0 prosent (vekt 0,426)
Samla prisvekst	4,3 prosent

Kommuneopplegget for 2025 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på kr 5,0 mrd. frå 2024 til 2025. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.



Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2024 til 2025 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Det kommunale skatteøyret for 2025 vil bli fastsett til hausten i statsbudsjettet for 2025. Det blir som tidlegare lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga, blant anna auken i dei eldre aldersgruppene. Den delen av veksten i demografikostnader som må bli finansierte av vekst i dei frie inntektene, er førebels rekna til om lag kr 2,5 mrd. for kommunane.

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere auka pensjonskostnader. Departementet har lagt til grunn auke med kr 0,2 mrd. i kommuneforvaltninga sine samla pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst i 2025. Nesten heile denne veksten i pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst kjem for kommunane, og nesten ikkje noko for fylkeskommunane.

I realveksten på kr 5,0 mrd., inngår både ein samla vekst på kr 1,5 mrd. fordelt etter inntektsnivå og ein eigen tapskompensasjon på kr 108 mill. Dette er omtalt nærare i brevet og har samanheng med endringane i inntektssystemet.

Kr 250 mill. av veksten i dei frie inntektene i 2025 er grunngitt med bemanning i barnehagar.

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022. Reforma gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Kommunane har som ein del av reforma fått auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar m.m.

Det er overført kompensasjon gjennom rammetilskotet for det auka ansvaret. I perioden frå 2022 til 2024 er halvdelen av kompensasjonen fordelt på grunnlag av faktisk bruk av tiltak, basert på rekneskap i 2020. Den andre halvdelen av kompensasjonen er i denne overgangsperioden fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern. Alle midlane vil frå og med 2025 bli fordelte etter kostnadsnøkkelen for barnevern.

Skjønstilskot

Basisramma for skjønstilskot blir fordelt mellom kommunane av statsforvaltarane. Ramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet er kr 800 mill. i 2024, av dette kr 139,1 mill. til Vestland.

Basisramma i 2025 for skjønstilskot i landet blir uendra, det vil seie kr 800 mill.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Naturskade

Retningslinene for at departementet skal gi skjønstilskot i samband med naturskade blir vidareført som tidlegare. Kommunar som har utgifter etter naturskade som samla er over kr 250,- per innbyggjar, kan få kompensasjon som utgjer halvparten av utgiftene. Dersom utgiftene er over kr 500,- per innbyggjar, kan kommunen få kompensasjon som dekker alle utgiftene over kr 250,- per innbyggjar.



Framlegg til endringar i inntektssystemet frå 2025

Skatt og inntektsutjamning

Det er framlegg om endringar i kommunane sitt skattegrunnlag. Skatt på utbytte blir teken ut av skattegrunnlaget. Bortfall av utbytteskatt får full verknad allereie frå det første året.

Det er lagt opp til å halvere kommunane sin del av formuesskatten frå og med 2026. Endring i samband med formuesskatten er planlagt innført over to år, slik at formuesskatten blir redusert med 1/4-del i 2025. Reduserte skatteinntekter som følgje av bortfall utbytteskatt og reduksjon i formuesskatt, blir erstatta av at kommunane får meir inntektsskatt. For kommunane samla skal dette ikkje gi netto endring i skatteinntektene, men for den einskilde kommune vil det ha meir eller mindre verknad på skatteinntektene.

Føremålet med å redusere formuesskatt og ta bort utbytteskatt for kommunane - og i staden auke inntektsskatten - er å bidra til meir stabile og jamnare fordelte skatteinntekter mellom kommunane.

Det blir ikkje gjort endringar i sjølve modellen for inntektsutjamninga. Men den symmetriske delen av inntektsutjamninga blir auka frå 60 prosent til 64 prosent. Tilleggskompensasjonen for lågt skatteinivå (skatt under 90 prosent av landsgjennomsnittet) blir vidareført som no. Det er rekna at den kommunen i landet med det lågaste skatteinivået vil bli løfta til 95 prosent av landsgjennomsnittet for skatt etter endringane i skattegrunnlag og kompensasjonsgrad for inntektsutjamninga. Dette blir difor eit minstenivå for kommunane m.o.t. skatt og inntektsutjamning.

Den symmetriske inntektsutjamninga i prosent (kompensasjon/trekk) blir auka over to år. Inntektsutjamninga for 2025 blir auka til 62 prosent og deretter til 64 prosent frå 2026. Endringane i skattegrunnlag og inntektsutjamning er ikkje omfatta av overgangsordninga INGAR, men endringa i inntektsutjamning og reduksjon i formuesskatt blir som nemnd innført gradvis over to år.

Kommunane skal få behalde inntekter frå kraft og havbruk. Det er ikkje framlegg om å rekne inntekter frå kraft og havbruk med i grunnlaget for inntektsutjamninga. Det er difor ikkje lagt opp til å redusere desse inntektene til kommunane.

Utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga og kostnadsnøklane blir oppdaterte på grunnlag av faglege analysar og den faktiske utviklinga i kommunane sine utgifter.

Før 2017 var basistilskotet eit like stort tilskot til alle kommunar, uavhengig av kommunen sitt folketal og reiseavstand. Basistilskotet var i 2016 kr 13,2 mill. for kvar kommune. Frå 2017 vart det, som ein av endringane i inntektssystemet, innført gradering av basistilskotet. Graderinga har samanheng med reiseavstand (halvdelen av basistilskotet vart gradert etter høvet mellom strukturverdi og grenseverdi).

Ordninga med gradering av basistilskotet blir teken bort frå 2025, slik at ein går tilbake til eit like stort basistilskot per kommune. Alle kommunar vil frå 2025 få fullt basistilskot. Dette er ei endring i kostnadsnøklane og blir omfatta av overgangsordninga INGAR.

Framlegg til endringar i kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga er blant anna:

- Vekter på kriteria blir oppdatert på grunnlag av nye analysar



- Noverande alderskriterium 6-15 år blir delt i to
- PU-kriteriet får lågare vekt. Det blir vist til eigen omtale om dette i brevet
- Kriteriet ikkje-gifte 67 år og over blir erstatta av kriteriet åleinebuande
- Sosiale tenester blir utvida og vil omfatte fleire tenester
- Generelt noko høgare vekt for alderskriteria innbyggjarar under 67 år
- Generelt noko lågare vekt for alderskriteria innbyggjarar over 67 år
- Levekårskriteria får auka vekt

Fordelingsverknader av desse endringane gir ulike resultat. Endringane innafor pleie og omsorg er dei viktigaste og har størst verknader for dei fleste kommunane.

Særskilt fordeling

I rammetilskotet er det ei eiga særskilt fordeling, som ikkje blir fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet. Denne fordelinga går fram av tabell C-k i «Grønt hefte». Endringar i tilskot i særskilt fordeling blir i hovudsak ikkje teke omsyn til i overgangsordninga INGAR.

Grunnskuletilskot

I 2022 vart det innført eit nytt tilskot på kr 500 000,- per kommunal grunnskule i kommunen. Tilskotssatsen er for 2024 (etter prisjustering) kr 541 317,- per grunnskule. Tilskotsordninga blir vidareført i 2025 som særskilt fordeling.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

Frå 2014 har det vore ei særskilt fordeling i rammetilskotet for helsestasjons- og skulehelsetenesta. Samla beløp for landet i 2024 er kr 1069,9 mill. Midlane er fordelte mellom kommunane etter talet på innbyggjarar i alderen 0-19 år og med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt

Kommunane er delvis kompenserte for reduserte eigedomsskatteinntekter i den særskilde fordelinga, som følgje av endring i regelverket (ikkje lenger eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar). Omlegging er gjennomført gradvis over sju år frå 2019. 2025 er siste året i overgangsperioden. Kommunane er kompenserte for inntektstap utover ein eigendel per innbyggjar. Samla kompensasjon i landet er planlagt auka frå kr 268,6 mill. i 2024 til kr 300 mill. i 2025. Det er førebels ikkje teke stilling til vidareføring av kompensasjon frå 2026. Kommunane Øygarden, Alver, Austrheim, Gulen, Høyanger og Årdal er omfatta av denne ordninga i Vestland.

Det er andre tilskot som også blir fordelte særskilt, blant anna inndelingstilskot til samanslåingskommunar. Det er no framlegg om tre nye tilskot fordelte særskilt i samband med endringar i inntektssystemet frå 2025:

Reduksjon i vekta på kriteriet personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over

Departementet gjer framlegg om å redusere vekta på kriteriet for personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over i kostnadsnøkkelen. Endringa er basert på analysar over faktiske utgifter.

Departementet gjer framlegg om at reduksjonen i vekt på PU-kriteriet berre skal ha halv effekt på rammetilskotet. Dette blir gjort ved å tilbakeføre halvparten av verknaden av reduksjon i vekt som særskilt fordeling til kommunane. Dette inneber at netto verknaden på rammetilskotet av reduksjon i vekta på PU-kriteriet blir om lag kr 260 000,- per person.

Opplegget med å tilbakeføre halvparten av verknaden som særskilt fordeling til kommunane, vil liggje fast til neste større revisjon av inntektssystemet. Sjølve tilskotsfordelinga i kronebeløp vil bli



oppdatert årleg. Oppdatering vil vere basert på endringar i talet på personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over, og samla berekna utgiftsbehov m.m.

Inntektsvekst fordelt etter inntektsnivå

Departementet gjer framlegg om at kr 1,5 mrd. av veksten i dei frie inntektene frå 2024 til 2025 blir gitt med ei særskilt fordeling. Denne vil inngå som del av den samla realveksten i dei frie inntektene på kr 5,0 mrd. frå 2024 til 2025. Fordelinga av kr 1,5 mrd. blir gitt slik at kommunar med låge samla skatteinntekter etter inntektsutjamning i 2023 får ein større del av inntektsveksten i 2025. Kommunar med høge skatteinntekter får ein mindre del av inntektsveksten.

Alle kommunar får minimum kr 30,- per innbyggjar av fordelinga. For kommunar med skatteinntekter på 130 prosent av landsgjennomsnittet eller lågare, blir denne kompensasjonen per innbyggjar høgare jo lågare skatteinntektene var to år tidlegare (skattegrunnlag i 2023 for fordeling i 2025). Kompensasjonen blir maksimalt kr 345,- per innbyggjar for kommunen med det lågaste skattenivået. Departementet gjer framlegg om å vidareføre ordninga som særskilt fordeling til neste større revisjon av inntektssystemet. Sjølve tilskotsbeløpa vil bli justerte årleg baserte på oppdaterte skattetal og innbyggjartal.

Skattegrunnlaget for fordelinga vil vere medrekna eigedomsskatt på vass-, vind- og petroleumsanlegg og inntekter frå havbruk og konsesjonskraft, i tillegg til ordinær personskatt og naturressursskatt.

Tapskompensasjon

Departementet viser til at det er behov for ein særskilt kompensasjon for kommunar som taper på dei samla endringane i inntektssystemet, inkludert den særskilde fordelinga av inntektsvekst kr 1,5 mrd. basert på inntektsnivå. Ordninga omfattar kommunar som har skatteinntekter under 105 prosent av landsgjennomsnittet. Det blir m.a.o. ikkje gitt tapskompensasjon til kommunar med høge inntekter.

Denne kompensasjonen er på til saman om lag kr 108 mill. og omfattar 29 kommunar i landet. Kompensasjonen inngår som ein del av den samla realveksten i dei frie inntektene på kr 5,0 mrd. frå 2024 til 2025. Kompensasjonen vil bli endeleg fastsett i statsbudsjettet for 2025 og vil bli vidareført på same nominelle nivå til neste større revisjon av inntektssystemet.

Regionalpolitiske tilskot

Distriktstilskot

Departementet gjer framlegg om å ta i bruk den reviderte distriktsindeksen frå 2020 som grunnlag for distriktstilskot med småkommunetillegg frå og med 2025. Departementet gjer i denne samanheng også framlegg om å endre intervall for dei ulike satsane for distriktstilskot. Distriktsindeksen blir oppdatert årleg, for at distriktsutfordringane skal bli fortløpande fanga opp i distriktstilskota. Satsane og tilskot for den einskilde kommune kan difor endre seg frå år til år.

Inntektsgrensa for å få distriktstilskot har til no vore skattenivå på maksimalt 120 prosent av landsgjennomsnittet, som eit gjennomsnitt for dei siste tre åra

Departementet gjer framlegg om å utvide inntektsgrunnlaget, som skal reknast med i høve til inntektsgrensa, for å kunne få distriktstilskot. Inntektene blir utvida frå personskatt og naturressursskatt til også å omfatte eigedomsskatt på kraft- og petroleumsanlegg, netto konsesjonskraft-



inntekter, havbruksinntekter og produksjonsavgift på vindkraft. Det er framlegg om å bruke eit gjennomsnitt for inntektsnivået i dei siste fire åra.

På bakgrunn av at ein større del av kommunane sine inntekter skal reknast med i grunnlaget, blir den øvre inntektsgrensa for å kunne få distriktstilskot auka til 140 prosent av landsgjennomsnittet.

Nye satsar for distriktstilskot (kommunar med 3200 innbyggjarar eller meir). Tilskot blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Det blir framleis slik at jo høgare distriktsindeksen er, jo lågare blir tilskotet:

	Per kommune(i kr 1 000,-)	Per innbyggjar (i kroner)
Indeks 0 – 45	1413	1280
Indeks 46 – 48	1133	1024
Indeks 49 – 51	849	768
Indeks 52 – 54	564	512
Indeks 55 – 58	284	257
Indeks over 58	0	0

Berekningsgrunnlaget for å få småkommunetillegget er det same som for det ordinære distrikts-tilskotet, men omfattar kommunar med under 3200 innbyggjarar. Det blir framleis slik at med høgare distriktsindeks, blir det mindre tilskot. Kommunar med indeks i det lågaste intervallet for indeks får fullt tilskot. Kommunar med høgast indeks (dvs. over 58) får halvt tilskot :

	Tilskotssats per kommune (i kr 1 000,-)
Indeks 0 – 45	6526
Indeks 46 – 48	5876
Indeks 49 – 51	5221
Indeks 52 – 54	4569
Indeks 55 – 58	3915
Indeks over 58	3264

Regionsentertilskot

Departementet gjer framlegg om at regionsentertilskotet blir avvikla. Tilskotet er gitt til kommunar som etter samanslåing frå 2020 fekk meir enn om lag 8 000 innbyggjarar. Tilskotet er gitt med ein sats per innbyggjar og ein sats per samanslått kommune.

Veksttilskot

Departementet gjer framlegg om at tilskotssatsen per innbyggjar utover vekstgrensa i veksttilskotet blir redusert til 1/3 av noverande sats. Det er framlegg om å redusere tilskotssats frå kr 67 331,- til kr 22 444,- per innbyggjar utover vekstgrensa. Vekstgrensa i 2024 er 1,4 prosent folketalsvekst i gjennomsnitt dei siste tre åra. Ingen kommunar i Vestland får veksttilskot i 2024.

Storbytilskot

Departementet gjer framlegg om at satsen per innbyggjar i storbytilskotet blir redusert frå kr 426,- til kr 398,- per innbyggjar (i 2024-kroner).

Generelt om endringar i regionalpolitiske tilskot

Avviklinga av regionsentertilskotet og reduserte satsar for veksttilskot og storbytilskot frigjer om lag kr 450 mill. samla for kommunane i landet, basert på inntektssystemet i 2024. Dette vil bli fordelt



tilbake til kommunane gjennom innbyggjartilskotet, det vil seie med likt tilskot per innbyggjar til alle kommunar.

Endringar i distriktstilskot, medrekna småkommunetillegget, og i storbytilskot blir teke omsyn til i overgangsordninga INGAR. Endringar i regionsentertilskotet og veksttilskot inngår ikkje i overgangsordninga INGAR.

Ressurskrevjande tenester - toppfinansieringsordninga

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetalinga av tilskot til kommunane i 2024 er baserte på direkte lønsutgifter i 2023 til tenestene.

For 2024 er kompensasjonsgraden vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagspunktet. Innslagspunktet for å få kompensasjon i år er kr 1,608 mill. per tenestemottakar. Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2024 er netto utgifter i 2023. Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming 16 år og over (PU – kriteriet) i grunnlaget for rammetilskotet blir trekte frå netto utgiftene i berekningsgrunnlaget, slik at det ikkje blir gitt kompensasjon i to tilskotsordningar. Eventuelle andre øyremerkte tilskot for tenestemottakarar blir også trekte frå i berekningsgrunnlaget.

Det er i samband med justering av kostnadsnøklane i inntektssystemet framlegg om å redusere verdien av PU-kriteriet i rammetilskotet. Reduksjonen er førebels utrekna til om lag kr 513 000,- per PU 16 år og over. Det er framlegg om at omtrent halve verknaden av reduksjonen i vekt blir tilbakeført kommunane i den særskilde fordelinga i rammetilskotet (tabell C). Dette inneber at netto verknaden av lågare vekt er ein reduksjon i verdien til PU-kriteriet med om lag kr 260 000,-.

Når trekket for PU-tilskot i berekningsgrunnlaget for toppfinansieringsordninga blir redusert med om lag kr 260 000,- per tenestemottakar, vil berekningsgrunnlaget (berekna netto utgifter) auka. Dette bidreg isolert sett til å auke tilskot i ordninga. For å unngå at reduksjonen i vekt på PU-kriteriet gir auka tilskot i toppfinansieringsordninga, er det framlegg om å auke innslagspunktet for kompensasjon i ordninga med om lag kr 150 000,- per mottakar.

I noverande tilskotsordning er kommunane sin eigendel 20 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet per tenestemottakar. Det er framlegg om ein ny modell som i større grad skal kompensere kommunar som har høge utgifter til tenestene per innbyggjar. Denne modellen vil ha to eigendelar:

1. Det blir først berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendel per innbyggjar blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen for å finne summen for den første eigedelen i kommunen.
2. Den andre eigedelen vil vere 10 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet etter at den første eigedelen er trekt frå.

I denne modellen vil det difor vere to eigendelar som til saman blir eigendel over innslagspunktet. Eigendelane vil utgjere 20 prosent av utgiftene på landsbasis, men vil variere mellom kommunane.

Framlegget til ny modell skal i større grad kompensere kommunar med høge utgifter per innbyggjar. Ei ulempe med ny modell er at den er noko meir komplisert enn noverande modell.



Det er lagt opp til å vidareføre eigen tilleggskompensasjon for kommunar med under 3200 innbyggjarar og med høge utgifter til ressurskrevjande tenester.

Fordelingsverknader – illustrasjon

I vedlegg er det ein illustrasjon som viser fordelingsverknadene av endringane.

Kolonne nest lengst til høgre

Dette er full systemverknad av framlegga til endringar. Beløp er summen av endringane. I den samla ramma for kommunane i landet inngår den særskilte fordelinga av kr 1,5 mrd. i vekst frie inntekter fordelt etter inntektsnivå og kr 108 mill. i tapskompensasjon.

Kolonne lengst til høgre

Dette er første års verknad, dvs. i 2025. Det er for kommunane samla i landet lagt opp til ein realvekst i frie inntekter med kr 5,0 mrd., som er brukt som ramme i denne illustrasjonen for første års verknad. Denne veksten skal også dekke auka utgifter i samband med utviklinga i demografi m.m. I utrekning av verknad for kommunane er det teke omsyn til overgangsordninga INGAR. Det er også teke omsyn til at reduksjon i formuesskatt og opptrapping av inntektsutjamning skjer over to år og har berre halv verknad i 2025 (full verknad frå 2026).

Generelt

Begge utrekningane er berre førebelse illustrasjonar. Dei faktiske verknadene i beløp vil ikkje bli heilt som dette. Faktiske skattetal vil endre resultatet. Faktisk utvikling i folketal og andre kriteriedata vil også endre grunnlaget og difor også fordelingsverknadene i beløp.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.